

SKILEIK – HOPPLEIK – RAW AIR FRAMNESBAKKANE.

Torsdag 27. februar kl 18 inviterar Hordaland skikrets og Norges skiforbund til skileik, hoppleik og Raw Air i Framnesbakken hopp og skileikanlegg.

Tore Øvregård frå NSf hopp kjem og presenterer eit rekrutteringsopplegg i hopp for born i alle aldrar – eit opplegg som vert presentert mange stader rundt i Norge til stor glede for dei som deltek.

På Framnes vert opplegget eit lågterskel tilbod – kom og bli med på leik og moro – hopp med kva ski du vil i bakkestorleikar på 25 m, 17m, 10 m og 5m.

Du kan og koma og berre skri om du tykkjer hopping er litt skummelt.

Under Raw air kan dei som vil få prøva hoppski som kretsen har til utlån . Nokre av hoppskia har langrennsbinding , og nokre har hoppbinding og kan brukast med lånte hoppsko. Dei som har hoppski tek dei med .

Vi i skikretsen ser på dette som ei flott hending , der me får hjelp med rekrutteringsarbeidet vårt . Og Tore Øvregård understrekar at det er viktig å få med både jenter og gutter. Småbakkane er veldig snille og ufarlege bakkar.

Kjekt om mange tek turen i Framnesbakken !

